



- og her skal det myldra inn Festidalen-publikum fredag kveld! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er lovande varslar om Festidalen-veret i kveld både på [yr.no](#) og [storm.no](#).**

Hvis du går nederst til høgre på denne sida og klikkar på VERET I USKEDALEN vil du finna ut at det blir regnbyger mellom klokka 18 og 24, men berre 0,6 millimeter og det blir lova innblanding av solglytt .

storm.no er meir optimistiske og kan til og med varsla skyfri himmel mellom klokka 21 og 22. Alt dette er som musikk i øyrene til festivalleinga! Og sjølvstøtt er det rockemusikk...

Festivalleinga minner også om at det ikkje er lov å ta med paraplyar inn på området. Noko anna som er forbode er lyd- og billedopptak under konsertane hvis ein ikkje har fått innvilga søknad om presseakkreditering.

Kamera og lignande vil verta beslaglagt ved inngang og utlevert ved utgang.

Utover dagen blir SPAR og Statoil på Husnes sikkert tomme for billetter på grunn av godt sal. Då går oppmodinga ut på å nytta [billett-service.no](#). Billetter vert også selde i inngangen hvis det framleis er kapasitet.

Til frivillige i kveld har Festidalen-leiinga denne meldinga: Oppmøtetidspunktet er klokka 18 på jordet.

Av Ola Matti Mathisen